



TRØNDERENERGI KRAFT AS  
Postboks 9481 Torgarden  
7496 TRONDHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Gry Walle, 5557 2332

## Løyve til drift av Driva kultiveringsanlegg i Sunndal kommune

**TrønderEnergi får løyve til drift av Driva kultiveringsanlegg fram til og med 2024. Løyvet er gjeve med heimel i § 1 i forskrift om etablering og drift av kultiveringsanlegg for fisk og kreps, jf. § 10 i lakse- og innlandsfisklova.**

Vi viser til søknad sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal 10. april 2018 og brev frå Kommunal og Moderniseringsdepartementet om oppnemning av settefylkesmann datert 30. mai 2018.

### Rammene for løyvet

Lokalitet	Kommune	Konsesjonsnummer	UTM 33
Driva	Sunndal	M SU0001	N 6957802 Ø187177

Type anlegg: Stamfiskoppbevaring  
Arter i anlegget: Laks, sjøaure  
Vasskjelde: Grunnvatn  
Avlaupsvatn: Til Verma, nedstraums anlegget  
Opphavsvassdrag stamfisk: Driva

### Vilkår for løyvet

1. Anlegget har løyve til drift ut 2024
2. Laks og sjøaure frå Driva kan leggest inn i anlegget
3. Kultiveringsanlegget skal etablerast og drivast, teknisk, biologisk og miljømessig forsvarleg
4. Det skal ikkje nyttast fôr i anlegget
5. Konsesjonshavar plikter å ha utstyr til stades for å hindre overføring av mogleg smittestoff til eller frå anlegget
6. Det er forbode å selje eller gi bort rogn eller fisk utan løyve frå Fylkesmannen eller Miljødirektoratet
7. Anlegget skal vera etablert i samsvar med omtale, teikningar og kartvedlegg i søknaden
8. Konsesjonsinnehavar skal sjå til at kultiveringsanlegget skal vera bygd, drive og utstyrt slik at driftstekniske uhell som kan påverke miljøet ikkje skjer
9. Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Mattilsynet skal informerast når anlegget vert tatt i bruk, ved mellombels innstilling eller permanent flytting/nedlegging av drifta og ved større endringar av den tekniske bygginga av anlegget



10. Anlegget skal ha dagleg tilsyn så lenge det er i drift, og det skal setjast i verk rutinemessig kontroll og vedlikehald
11. Storleiken på produksjon og fiskedød i anlegget skal journalførast. Ved ev. bruk av kjemikaliar skal kvantum førast i journalen. Journalen skal oppbevarast på anlegget i minst 5 år, og kan krevjast framlagt ved tilsyn
12. Det skal utarbeidast ein plan for deponering av død fisk frå anlegget. Dumping av fisk, eller deler av fisk er forbode
13. Årlege rapportar skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal innan den 31.1 det påfølgjande året
14. Endringar i produksjon (art, tal, stadium) kan berre skje etter skriftleg endring av løyvet frå Fylkesmannen
15. De pliktar å gje Fylkesmannen eller den han gir fullmakt, opplysningar om anlegget og tilgang til anlegget for tilsyn

I tillegg gjeld retningslinjer og krav satt av Mattilsynet. Kopi av løyvet skal oppbevarast tilgjengeleg for alle tilsette ved anlegget, og skal kunne visast ved tilsyn.

#### *Andre tilhøve*

Konsesjonen vert gitt utan ansvar med omsyn til nabo- eller eigedomstilhøve. Vidare har søkjaren ansvaret for at anlegget ikkje kjem i konflikt med eigedomstilknytte disposisjonstilhøve eller dispensasjonsrett til området på anna grunnlag.

Denne konsesjonen frittek dykk ikkje frå plikt til å innhente naudsynte løyver etter anna lowverk eller plikt til å overhalde reglar og påbod som vert gitt etter heimel i slike lovar.

Om konsesjonsinnehavaren ikkje har etablert kultiveringsanlegget innan to år etter at konsesjon er tildelt, fell konsesjonen vekk.

Det kan krevjast reduksjon av storleiken til anlegget, eventuelt kan anlegget krevjast fjerna om tilhøva skulle tilseie det.

Tildelinga vert trekt attende om verksemda tek slutt og ny drift ikkje kjem i gang att innan to år.

Ved permanent flytting eller nedlegging pliktar konsesjonsinnehavaren å fjerne anleggsutstyr, og sørge for opprydding av avfall som kan verke skjemma eller vere til skade eller ulempe for miljøet innan to månader etter flytting/nedlegging.

#### **Bakgrunn**

Veterinærinstituttet søker på vegne av TrønderEnergi om løyve til mellombels oppbevaring av stamfisk i Driva kultiveringsanlegg. Innsamlinga er ein del av bevaring og reetablering av lokale fiskestammer i Drivaregionen knytt til aksjonen mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* i vassdraga.

Genetisk materiale frå laks og ev. sjøaure skal samlast inn til genbank. Driva kultiveringsanlegg skal nyttast til mellombels oppbevaring av stamfisken, i påvente av stryking og overføring av rogn og melke til sentrale genbankanlegg. Det er i dag ingen anna produksjon av fisk ved anlegget.

Prosjektet er delt i tre;

- Bevaringstiltak for sjøaurestamma i øvre Driva i samband med sperra i Snøvassmælan



- Innsamling av sjøaure- og laksestammer frå Driva, Usma, Litldalselva og Batfjorddelva til levande genbank, fram til behandling av vassdraga. Driva kultiveringsanlegg tar i mot fisk frå Driva.
- Reetablering av dei råka lakse- og sjøaurestammene etter behandling av vassdraga

### **Andre instansar**

Veterinærinstituttet, seksjon for Miljø og Smittetiltak, har løyve frå Mattilsynet til oppbevaring i samband med gjennomføring av bevaringsplanen for Drivaregionen. Løyvet er datert 11. september 2017 og varar ut 2024.

Driva kultiveringsanlegg er eit allereie eksisterande anlegg, som TrønderEnergi er pålagt i konsesjon etter vassressurslova å bygge/drifte. Vi har difor vurdert at det ikkje har vore naudsynt å sende saka på høyring til Sunndal kommune eller NVE.

### **Vår vurdering**

Det er ikkje vedtatt kva kjemikalie som skal nyttast i arbeidet for å fjerne lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* i Driva. Gjennom innsamling av genetisk materiale til genbank med etterfølgjande tilbakeføring og reetablering, er det tatt høgde for at CFT-leguim vert nytta.

Vurderingar etter § 10 i naturmangfaldlova om økosystemtilnærming og samla belastning er etter vårt syn knytt til resipienten for avløpet til kultiveringsanlegget. Anlegget skal i ein periode nyttast til oppbevaring av stamfisk fram til styrking. Fisk vert ikkje fôra. Etter vårt syn vil ikkje dette føre til auka belastning til resipienten i form av tilført organisk materiale. Vasskjelda er grunnvatn, medan utlaupet er til vassdraget rett nedstraums anlegget. Vi viser til Mattilsynet for vurderingar av smitte mm. Etter vårt syn er kunnskapsgrunnlaget godt nok til å fatte vedtak i denne saka, jf. § 8 i naturmangfaldlova. Dette basert på informasjon frå søkjar. Vi vurderer difor § 9 om føre – var som ikkje aktuell. Etter vårt syn er §§ 8 – 12 i naturmangfaldlova fylgt.

### **Forureining**

Anlegget tar i mot stamfisk frå Driva for innsamling til sentralt genbankanlegg. Det vert ikkje fôra ved anlegget. Fylkesmannen finn det difor ikkje naudsynt å gje utsleppsløyve til lokaliteten, jf. forureiningslova § 8 tredje ledd. Om det skal fôrast ved anlegget i reetableringsfasen, må dette vurderast etter forureiningslova.

### **Klagerett**

Er det noko de vil klage på i vedtaket, kan de sende klage til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er motteken. Ei eventuell klage skal de sende via Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

John Anton Gladsø  
seniorrådgjevar

Gry Walle  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:

Miljødirektoratet

Sunndal kommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Mattilsynet, avdeling Nordmøre og Romsdal

Veterinærinstituttet, seksjon for Miljø og Smittetiltak

**Vedlegg:**

Løyve frå Mattilsynet til mellombels oppbevaring ved Driva kultiveringsanlegg